

# KYRKJEKONTAKTEN

NR.2 — 2025 · 51. ÅRGANG · KYRKJELYDSBLAD FOR ALVERSUND / KNARVIK / LYGRA / SEIM



Side 2-3  
**25 år med glede, inspirasjon  
og gode stunder**



JUBILANT: Kyrkjelydshuset i Alversund er blitt eit aktivitetssenter for både unge og eldre.

# Kyrkjelydshuset rundar 25 år

Tekst og foto: Håkon Glatved-Prahl

**Til hausten er det 25 år sidan opningsfesten i Alversund kyrkjelydshus. Eit hus som i alle desse åra har vore til stor glede og inspirasjon for svært mange i bygda. Og snart er gjelda nedbetalt.**

Det var lokale krefter tidleg på 1990-talet som sysla med tanken om å få på plass eit eige kyrkjelydshus i Alversund. Kyrkja i bygda er for liten for samankomster utover faste hendingar som gudstenester, vigslar og gravferder. Framsynte personar såg fordelane og potensialet ved å kunne ha eit eige hus til ei rekke aktivitetar og samlingar.

Ein kan trygt seie at den iherdige innsatsen førte fram. Dåverande Alversund sokneråd etablerte i 1996 Stiftelsen Alversund kyrkjelydshus – med formålet å «oppføra og driva kyrkjelydshus i Alversund». Det er stiftelsen som eig huset (sjå faktasak s. 3).

## Stor aktivitet i bygget

Jubilanten har innholdsrike år å sjå tilbake på. Også den dag i dag er aktivitetsnivået svært høgt. Styreleiar i Stiftelsen Alversund kyrkjelydshus, Øystein Valle, ramsar opp følgjande grupper som gjer seg nytte av huset:

- To barnekor; Sing Singeling og Sing Out
- Alversund KFUK/KFUM Speidaren
- Fredagskaffien
- Kyrkjeringen
- Strikkekafeen i Alversund
- Kvardagsgudstenester
- Samtalegruppe
- Alversund kammerkor (tidvis)

I tillegg kjem utleige til mellom anna dåpsfestar, konfirmasjonsfestar, jamvel bryllupsfestar, åremålsdagar, familiesamankomster og minnestunder.

– Dessutan er Nordhordland begravelsesbyrå ein god leigetakar hjå oss, i lokala der kyrkjekontoret heldt til før dei flytta til Knarvik då kyrkja der vart bygd, seier Øystein Valle.

## Enorm dugnadsinnsats

Det går ikkje langt ut i samtalene med styreleiaren før han nemner ordet dugnad.

– Veldig mykje her på huset vert gjort av frivillige som ofrar tid og krefter på dugnadsarbeid, både utandørs og innomhus. Det er vanskeleg å framheva nokon, men vi kjem ikkje utanom Kyrkjeringen, som bidreg både med interne rutinar og tilsyn – og ikkje minst økonomisk.

– På kva måte?

– Det er damene i Kyrkjeringen som står for den årlege basaren her på huset. Inntektene dei skaffar oss tilsvavar omrent det vi betalar i årlege avdrag på lånet vi har i det som før heitte Opplysningsvesenets fond, no heiter det Allstad. I mange år har Kyrkjeringen gjort ein formidabel innsats for kyrkjelydshuset.

– Kva summar snakkar vi om?

– Grovt rekna har Kyrkjeringen med sin basar tilført oss rundt 70.000 kroner kvart år, som er om lag det vi betalar i avdrag på lånet. Og det beste av alt er at vi no ser slutten på gjelda.

## Lånet nedbetalt om to år

– Kor mykje står det att på lånet?

– Cirka 170.000 kroner, som utgjer to og eit halvt avdrag. Det betyr at vi er gjeldfrie i løpet av 2027, seier ein tilfreds styreleiar. I same slengen berømmer han Oddvar Sundsbø som har vore kasserar – og ført reknescap og årsavslutning –



LEIAR: Øystein Valle er styreleiar i Stiftelsen Alversund kyrkjelydshus.

i stiftelsen heilt sidan starten, og jamvel i åra før byggestart. Alt har han gjort på dugnad!

Med nedbetalt lån ser Øystein Valle fram til å frigjere midlar til nødvendig vedlikehald og oppgraderinger på det 25 år gamle bygget.

- Taket og ytterveggane er bra, men vi treng å utbetre ein del andre ting. Blant anna må vi gjere noko med ytterdørene, gjerne også noko innomhus.

Valle rosar også Alversund kammerkor, som i mange år hadde øvingane sine i kyrkjelydshuset – og heldt konsertar til inntekt for huset.

#### Fest i kyrkja og i kyrkjelydshuset

Søndag 28. september blir det jubileumsgudsteneste i Alversund kyrkje i anledning 25-årsmarkeringa for kyrkjelydshuset.

- I tillegg har vi tankar om eit arrangement her i huset litt seinare på hausten. Det er mange aktørar vi ønskjer skal vere med på feiringa, og då vil vi ha ein samankomst her i tillegg til festgudstenesta, sier Valle, som har vore styreleiar sidan 2018.

- Kva tankar har du sjølv om kyrkjelydshuset?

- Mitt bestemte inntrykk er at dette er eit viktig hus for bygda. Ikkje berre fordi det er formålstenleg og etterspurt, men også fordi folk meiner at eit kyrkjelydshus høyrer til ei bygd som Alversund.

Til slutt vil styreleiaaren slå eit slag for noko han brenn for.

- Det er prisverdig at folk støttar opp om kyrkjelydshuset, men vi er avhengige av rekruttering for å få overlevert verdiene og oppgåvene vidare framover – til dei som veks opp i nye generasjonar. Dugnadsarbeid gir uendeleg mykke tilbake til meg personleg og ganske sikkert til alle dei andre som er med på laget også, avsluttar Valle.



ELDSJELER: Ekteparet Torunn og Kåre Jordal har vore iherdige eldsjeler for kyrkjelydshuset i alle år.



#### Alversund kyrkjelydshus

er no ferdig og klart til bruk, og me har den store gleda av å invitera til

#### Vigslingsfest, søndag 24. september 2000

Vigslingshøgtida tek til kl 18.00 med festgudsteneste i Alversund kyrkje v/biskop Ole Danbolt Hagesæther og prost Kåre Mestad. Song av Alversund Kammerkor.

Deretter vert det vigslingsfest med stort program og servering i Kyrkjelydshuset.

FAKSIMILE: Slik såg invitasjonen til vigslingsfesten ut i år 2000.

#### KYRKJELYDSHUSET

- Innehold forsamlingssal, peisestove, kjøkken, gode sanitærforhold og aktivitetsareal.
- Det er serveringsplass til 90-100 personar.
- I tillegg er det kontordel og kjellarlokale.
- Ønskjer du å leige, kontakt på e-post: kyrkjelydshuset@gmail.com.

**Seimstrand as**  
5912 SEIM - tlf. 56 35 79 00 - fax 56 35 79 15

  
**Nordhordland Elektro**  
Lindåsvegen 153, 5914 Isdalstø  
Tlf.: 56 35 73 80 | post@nordhordland-elektro.no  
elektrikerkjeden  
norgeseliten

**REMA 1000**

  
**OPTIKER I KNARVIK**  
*-Bestill synsprøve nå!*  
**RING 56 35 14 66**

# Fargerike bilder pryda Petersplassen

Tekst og foto: Yvonne | Nordhordland

Aldri før har betongveggane i kyrkjekjellaren i Knarvik vore så fargerike som under kunstnaren Annfrid Leikvoll si utstilling. Med sine vakre bilder var ho den første utstillaren i det heilt nye galleriet i distriktet.

Leikvoll har i denne utstillinga henta inspirasjon frå det siste manuset som sonen Jan Roar Leikvoll skreiv før han gjekk bort, berre 40 år gammal. «Forkynnaren» er tittelen både på boka og utstillinga.

Helge Haugland har vore pådrivar for det nye galleriet på «Petersplassen» i Knarvik kyrkje.

- Med Annfrid sine vakre bilder fekk dei mange frammøtte ei gripande oppleving, seier Haugland.

- I utgangspunktet legg vi opp til to utstillingar i året. Han fortel om svært gode tilbakemeldingar på at galleriet har sett dagens lys og den flotte utstillinga.



- Oppslutninga har vore langt større enn forventa, seier den galleri-ansvarlege.

Sokneprest Cathrine Grutle synest det er veldig positivt at galleriet kan trekka folk til kyrkja som kanskje ikkje går der til vanleg.

- Galleriet er eit spennande tilskot til sjudagars-kyrkja i Knarvik, og eit fint møtepunkt mellom kyrkje og folk, seier Grutle.

- Ein møteplass for både unge og eldre, der folk kan få estetiske opplevingar og reflektera over livet, sa ordførar Sara Hamre Sekkingstad då ho med snorklypping offisielt opna Galleri Petersplassen og Annfrid Leikvoll si utstilling.





## Kyrkjemusikkdagar i Alver

23.-26. september 2025

23.09.2025 Salmekveld i Knarvik kyrkje

24.09.2025 Musikkandakt i Meland kyrkje

24.09. 2025 Syng med oss med Te Deum  
i Ostereidet kyrkje

25.09.2025 Salmekveld i Lindås kyrkje

25.09.2025 Fellesong med Radøy  
damekor i Manger kyrkje

26.09.2025 Konsert i Myking kyrkje



DEN NORSKE KYRKJA  
Alver kyrkjelege fellesråd



DEN NORSKE KYRKJA

# Olsokfeiring

for heile Nordhordland



## Fjon fjellkyrkje

tysdag 29. juli 2025 kl. 19.00



- Gudsteneste ved Ole Marton Ølberg og Ove Danielsen
- Sal av rømmegraut og kaffimatt (150 kr)
- Åresal og litt program
- Avslutning ved bålpanna



*Arr: Lindås sokn i samarbeid med styret for foreininga Fjon fjellkyrkje og ungdomssenter*



## Frå kyrkjebenken

Tekst: Ingvild Dalland Husabø

Foto: Arve Kjell Uthaug

– Kor lenge har du /de vore aktiv i kyrkjelyden?

– I Ingvild sin barndom sat ho i desse kyrkjebenkane med ein liten kyrkjeoffert full i rosiner, og for 11 år sidan gifta me oss her. Etter fleire år med studier og jobb vekke, kom me heim i 2020 med 3 små babyer, det tok difor lang tid før me vart aktive igjen, men no har rosinene skifta hender og kyrkjeofferten inneheld ein heil haug med bilar!

– Kva set du/de mest pris på ved kyrkjelyden vår?

– I Meland kjänner me oss sett. Meland kyrkjelyd har mange faste kyrkjegjengarar som viser glede og takksemd for at nettopp me kjem og er synlege. Me set oss bevisst framme slik at ungane får vere ein del av det som skjer. Det er godt å vere familie i Meland kyrkje, og enkelte av oss er særleg glade i løva og leikane som ein finn i løvehola.

– Korleis vil du/de skildra kyrkja?

– Enkelt! Sanggleda og god formidling til alle aldersgrupper. Dei siste åra har me stort sett fått med oss undervisninga for dei minste, men det me har høyrd av forkynning inne i kyrkja, kunne med fordel kome ut som eigen taleserie i

Namn: Ingvild (38), Øyvind (35), Haldor (5), Trygve (4) og Asbjørn (4) Dalland Husabø

Bustad: Frekhaug

podcastform. I Meland finn ein også ei stor og trufast kjerne av faste medlemmer som har gode relasjoner til kvarandre og som vil at alle skal oppleve det godt å kome inn i Guds hus.

– Kva salme syng du/de gjerne for tida?

– Me er veldig glade i å lytte til lovsang, og Øyvind syng gjerne eigeskivne låter, medan favoritten til Asbjørn er definitivt ”Jeg er trygg hos deg”. - Kva skal me sygne til deg i kveld? - Eg vil ha 3 ”Trygg hos deg-er”! Ein salme som me begge har sett pris på gjennom åra, er Salme 650 i Salmer N13, når vi undrast på om røystene og orda våre ber. Den har vore til særleg trøyst for oss i ei travle småbarnstid der me har hatt stort behov for å klamre oss tett både til kvarandre og Gud.

– Kva kjenneteikner ein god kyrkjeaffi?

– Eit ord: sjokoladekake! Og mengder med kaffi, sjølvsagt. Det aller beste med kyrkjeaffien er likevel å bli igjen i kyrkja, snakke med folk og leike på teppet bak i kyrkja.

**Torsvik Elektro AS er total-leverandør  
av elektroinstallasjoner i Alver**

**Vi utfører:**

Bolig og industri • Alarm  
Billadere • Adgangskontroll  
Tele/data-nettverk •  
Automatisering •  
Godkjent for kontroll  
av el. anlegg



Torsvik Elektro AS / Lager: Olsvollstranda  
Tlf: 56 38 50 00 / www.torsvik.no / post@torsvik.no  
KVALITETSBVISST – LØSNINGSORIENTERT – SAMARBEIDSVILLIG

**Torsvik**  
ELEKTRO

**Bygg Team VEST AS**



**Alt innan tømrarfaget!**

# Kulturkaféen i Knarvik

Tekst og foto: Hildur Løkken Lillestøl

Ein fredagskveld i månaden er det kulturkafé i Knarvik kyrkje. Der samlast små og store på tvers av ulike kulturar og bakgrunnar.

På samlinga i april fortalte Volodymyr Pavlenko om sin veg frå Ukraina til Norge, det var song av Gallina, leiker frå Ukraina, aktiviteter for barna, og det vart servert borsch frå Ukraina.



**EL.INSTALLASJON - INGENIØRTENESTER - SERVICE**

**HELLAND ELEKTRO AS**

  
Torvhusmyrane 6  
Nordhordland Næringspark  
5913 Eikangervåg

Tlf: 56 34 24 30  
E-post: post@helland-elektro.no  
[www.helland-elektro.no](http://www.helland-elektro.no)  
Foretaksregisteret: NO 986 751 718 MVA

 **SIKRINGEN**  
- din elektriker

**Knarvik Blomsterstove** 

**Kvassnesvegen 11 – 5914 Isdalstø**  
**Tlf: 56 35 62 20 – [www.knarvikblomsterstove.no](http://www.knarvikblomsterstove.no)**

# Ein ny vår for dei kvitmalte kyrkjene

Tekst: Arthur Kleiveland

Akkurat no gøymer Hordabø kyrkje seg bak ein rosa plastduk. Men til hausten skal den kvitmalte kyrkja skina igjen i sin finaste stas, klar til feiringa av 150-årsjubileet sitt.

Kyrkja på Bø er den åttande i rekka som får eit større ansiktsløft sidan 2021. I fjar stod Seim kyrkje for tur, og tidlegare er kyrkjene på Lygra, Lindås, Ostereidet, Sæbø, Meland og Hjelmås kapell malt og stelt.

- Det er flott å sjå kyrkjene oppgradert og malt. Vi har hatt mange prosjekt dei seinare åra, seier John Henanger, leiar i driftsavdelinga i Alver kyrkjelege fellesråd. Han synest det er ekstra stas å få Bø-kyrkja nymalt og få fiksa lekkasjar i tårnet til jubileet.

I alt er det 14 kyrkjer i Alver kommune, medrekna Hjelmås kapell. Dei aller fleste er kvitmalte trekyrkjer, mange av dei reist i siste del av 1800-talet.

## Viktige signalbygg

- Kyrkjene våre er mellom dei eldste bygga i kommunen. Dei representerer viktig kulturhistorie, i tillegg til å vera ein stad for lovsong og tilbeding, dåp, vigsel og gravferd. Gjennom generasjonar blir heile livet ramma inn her. Difor er kyrkjene viktige langt utover kyrkjelydane, seier kyrkjelever John Fredrik Wallace i Alver kyrkjelege fellesråd.

Alver-ordførar Sara H. Sekkingstad synest Alver kyrkjeleg fellesråd har gjort eit godt arbeid for å få mest mogleg ut av pengane.

- Eg synest dei har lukkast med det. Det er kjekt å sjå at mange av kyrkjene har blitt opprusta og fått eit løft dei siste åra. Kyrkjene våre er viktige signalbygg. Dei er ofte plassert sentralt i lokalsamfunna, og mange har ei tilknytning til kyrkja på ulike måtar. Eg er difor glad for at kyrkjene våre blir sett i god stand.

## 10 mill. til vedlikehald av kyrkjer

Wallace opplyser at det sidan Alver kommune såg dagens lys, er det brukt 10 mill. kroner på vedlikehald av kyrkjene. Han rosar kommunen for å prioritera dette arbeidet i stramme budsjett, og synest det er bra at kommunen og politikarane forstår verdien av å ta skikkeleg vare på kyrkjebygga. Samtidig understrekar kyrkjeleverja at fellesrådet, med liten administrasjon, har vist svært effektiv pengebruk.

- Sjølve arbeidet må setjast ut til profesjonelle handverkarar, og ofte er det lokale firma som har fått oppdraget. Men planlegging og anbodsroundar krev jo ein god del tid, fortel Wallace.

Meland kyrkje var den første kyrkja som vart malt og vedlikehalde etter kommunesamanslåinga. I tillegg til at kyrkja vart malt, vart det skifta varmeovnar, litt kledning og gjort litt oppussing innvendig. Og bærerommet vart gjort om til kjøkken og vaskerom.



Meland kyrkje vart bygt i 1866. Kyrkja vart måla og restaurert for rundt tre millionar kroner i 2021. Samtidig fekk fellesrådet også 3,5 mill. kroner i koronamidlar formidla gjennom kommunen.

## Skjelettet er solid

- «Skjelettet» på dei aller fleste kyrkjene våre er i god stand. Det vart gjort grundig arbeid då dei vart bygt. Med jamnleg vedlikehald står dei seg godt, sjølv om dei er gamle, seier John Henanger.

Sjølv om åtte av kyrkjene i Alver er oppgradert dei siste fem åra, ser John Fredrik Wallace at det dessverre framleis er store behov.

- Den største utfordringa framover er Manger kyrkje. Denne «katedralen» er på prioriteringslista no, men kyrkja er så stor at arbeidet må takast over meir enn eitt år. Dette restaureringsarbeidet krev også at det blir laga eit forprosjekt, slik at det kan søkjast om statlege pengar i tillegg til det kommunale tilskotet, seier kyrkjeleverja.

## Kopar på kyrkjespiret

I stor grad blir kyrkjene haldne ope under vedlikehalds-arbeidet. Sjølv med presenninga over kyrkjebygget skal Hordabø kyrkje haldast ope framover. Driftsleiar John Henanger fortel om vedlikehaldet på kyrkja:

- Etter ein skånsam vask, blir skifertaket spylt og impregnert for å redusera groing. Så skal bygget skrapast og malast med linolje, som er tilrådd av riksantikvaren, seier Henanger.

Også kyrkjemurane blir overhalt og malt. Skorsteinen blir delvis pussa på nytt, og så malt.

Kopar på kyrkjespiret vert bytta ut på grunn av at undertak har fått vasskade. Pynt på toppen av spiret vert restaurert tilbake slik det ein gong var.

- I dag manglar delar som er blåse av, fortel Henanger.

Tømrararbeidet omfattar skifte av rotne materialar under kopartak og spir, og skifte av rote kledning rundt om på kyrkja.

- Lekkasje i tårnluker skal ordnast, og kyrkja skal få innsett ny ytterdør laga på antikvarisk måte og med kopi av mønster som er på eksisterande ytterdører i kyrkja, fortel driftsleiaren i kyrkjeleg fellesråd.

# Stor vekst i gudsteneste-besøket

Tekst: Arthur Kleiveland

Etter fleire år med lågare besøkstal på gudstenestene, peikar pilene no oppover i dei aller fleste sokna i prostiet.

Også på julafesten-gudstenestene var det grunn til halleluja-stemning. Her var det ein samla auke i prostiet på 18 prosent frå 2023.

- Både overraskande og gledeleg, seier prost Helge Taranrød.

Og tendensen gjennom 2024 er at kyrkja har stigande appell mellom folk i Nordhordland.

## - Kva er det som skjer?

Eit hovudtrekk er at besøkstala samla for dei fem sokna i Alver kommune er litt lågare enn før pandemien, med variasjon frå sokn til sokn.

- Men den siste utviklinga frå 2023 til 2024 er gledeleg og positiv. Det er oppmuntrande å erfara at ein tydeleg trend har snudd, seier Taranrød.

Statistikken viser at dei tre soknene Knarvik, Meland og Radøy har ei god utvikling i gudstenestebesøket samanlikna med 2023. I 2024 vart det gjennomført 289 gudstenester i dei fem sokna i Alver kommune, noko færre enn tidlegare. Her tek Taranrød oss med på eit lite tankeeksperiment:

- Om vi hadde hatt like mange gudstenester som biskopen la opp til i si gudsteneste-forordning, ville det bety rundt rekna 4000 fleire gudsteneste-besøk i fjor. Altså ville vi vera omtrent tilbake på nivået før pandemien.

## Gode opplegg

Men prosten legg til at det ikkje er noko mål å gjennomføra



Prost Helge Taranrød gler seg over god vekst i gudsteneste-besøket i Alver-kyrkjene i 2024 samanlikna med året før. Biskop Ragnhild Jepsen er også fornøgd med at pilene for gudsteneste-besøket peikar oppover i bispedømmet.

flest mogeleg gudstenester og gå tilbake til historiske tal på gudstenester i kvar kyrkje.

- Eg vil påstå at kvaliteten på kvar gudsteneste er betre no med gudstenester som legg fint til rette for dåp, lokale bidrag, og ikkje minst at trusopplæringstiltak er fint integrerte i gudstenestene. Dette er ei utvikling vi med fordel kan forsterka, seier Helge Taranrød.

## Lengtar etter fellesskap

Prosten registrerer den same positive tendensen for heile bispedømmet.

- Det kan tyda på at vi no er i ei tid då mange lengtar etter fellesskap som bygger på det gode. Det er ei tid for å ta i mot menneske som vil oppsøkja kyrkja og ta nye steg på trusvegen, seier han.

Kyrkjeverja John Fredrik Wallace og Taranrød besøker denne våren alle dei fem sokneråda i Alver med den same bodskapen:

- Vi treng å forvalta ressursane våre klokt. Vi må forventa lågare tilgang på ressursar både i fellesrådet og prestetenesta.

Taranrød har erfart etter nokre år i prostiet at det i Nordhordland er eit rikt og mangfaldig åndeleg liv.

- Vi trur på ein Gud som har hand om tida og som skaper tru der vi menneske ikkje evnar å leita, seier han.

**NORDHORDLAND BEGRAVELSESBYRÅ**

Ditt lokale gravferdsbyrå

ALLTID HER FOR deg

DU NÄR OSS PÅ TLF. 56 37 14 10 - 56 99 25 70

Kyrkevegen 1 Havnevegen 31 Elvavegen 1  
Alversund Frekhaug Dalekvam

**VATNE**  
begravelsesbyrå

DAHLS

Tlf: 56 35 09 10 (24t)  
Kvassnesvegen 11, 5914 Istdalsbø  
[vatne-byra.no](http://vatne-byra.no)



## – Heia Arsenal!

Tekst og foto: Håkon Glatved-Prahls

**NAMN:** Kjell Sekkingstad  
**ALDER:** 63  
**JOBB:** Sokneprest i Radøy sokn  
**SIVILSTAND:** Gift med Marit Hamre  
**BARN:** Sara, Skage, Maria og Søgny

GLAD SUPPORTER: Sokneprest Kjell Sekkingstad har vore på Emirates Stadion i London fleire gonger for å sjå favorittlaget sitt Arsenal, noko effektane her ber preg av.

Då Kjell skulle skaffa seg ei drakt frå favorittlaget Arsenal, var det slett ikkje urimeleg at han plukka ut drakt nummer 9 – tilhøyrande stjernespelaren Gabriel Jesus!

Av sokneprestens mange interesser og syslar på fritida kjem hans engasjement og iver for Premier League og ikkje minst London-klubben Arsenal høgt opp på lista.

– Eg er stolt av både drakta, capsen, koppen og eit par crocs, som er fullstendig utslitte og ikkje høver seg å visa fram,

seier Kjell med eit smil om munnen.

Kjell Sekkingstad er neste person ut i serien Presten På Privaten.

– Rett på sak, kva syslar du med på fritida?

– Det er så mangt, svarar han, tenkjer seg litt om, og held fram:

– Eg likar å trena, enten på tredemølla i kjellaren eller i skog og mark, eller på fjellet. Det gjer alltid godt med ein løpetur.



JESUS SÅ KLART: Ingen tvil om kva drakt Kjell ville sikra seg frå Arsenal-stallen.

Tidlegare var Kjell også aktiv fotballspelar, både på Sotra, der han kjem frå, og på Radøy.

– Fram til eg var nesten 60 spelte eg med gutta i Radøyhallen om søndagskveldane. Ein flott gjeng som trivdes godt saman.

#### **Vi feirar altfor lite**

– Mange oppfattar deg som ein sosial person?

– Det stemmer nok. Eg er så sosial at eg eigentleg vil feira alt mogeleg. Vi har altfor lite feiring i samfunnet, fastslår han med glimt i auget, og utdjupar:

– I min familie feirer vi også dåpsdagen. Då sender eg ei snap-melding til ungane våre og inviterer til middag. For eksempel: «I morgen blir det heimelaga lasagne, kven kjem?». Eg har stor glede av å samla familien og ha det kjekt saman. Skulle det ikkje passa å koma til dåpsfeiringa, sender eg dei nokre kroner, som dei kan gå ut og eta lunsj for.

– Kjenner du andre som feirar dåpsdagar?

– Eg trur ikkje det, men alle burde eigentleg gjort det!

#### **Globetrottaren Sekkingstad**

– Noko anna som interesserer deg?

– Eg elskar å reisa. Kona min, Marit, er flyvertinne, og heilt sidan eg var student i Oslo har vi farta mykje rundt omkring i verda. Ein periode var ho kjent som den flyvertinna som hadde mannen sin med seg på nær sagt alle stopp i Europa. For mange år sidan reiste vi av gárde med alle fire ungane med kurs for øya Aruba utanfor Venezuela – på sjansebillett. Då vi kom til Amsterdam, viste det seg at flyet vidare var fullt, så vi enda opp i New York i fire dagar før vi endeleg kom oss til den fantastisk flotte øya, humrar Kjell.

– Har du nokre sysler her heime når du ikkje er ute og fartar?

– Eg har stor glede av å lesa, og då spesielt biografiar. Ein favoritt i så måte er Erik Bye, som måtte rømma til Sverige under andre verdskrig. Korleis var det for ein motstandsgut på 17-18 år? Kunne han stola på dei han kom til? Det er mykje i Bye si historie som kan overførast til dagens urolege verd. Og så har han jo skrive den fantastiske Blå salme!

#### **Valde Radøy framfor Bergen**

– Sekkingstad er jo eit godt Sotra-namn. Korleis hamna du på Radøy?

– Den kortaste versjonen er at det var ferjefritt frå Bergen! Forklaringsa er som følger: Det var tre ledige prestestillingar i Bergensområdet då eg var ferdig med utdanninga i 1995; her på Radøy, på Bømlo og på Laksevåg. Til Bømlo måtte du den gong ta ferje, og husværet i Lien på Laksevåg, som var knytt til prestjobben, låg svært unnasolt til. Derfor valde vi Radøy!

Kjell begynte først som kyrkjelydsprest i Radøy prestegjeld, deretter var han kapellan, før han blei sokneprest i 2006.

– Og du har neppe angra på valet ditt?

– På ingen måte! Det var snakk om at vi skulle vera her minst nokre år og så kanskje flytta på oss. Men eg hugsar godt ein gong temaet kom opp, så sa kona mi: «Eg har ikkje lyst til å flytta frå Manger!» Og det hadde heller ikkje eg!

Han synest beint ut at det er fantastisk å bu på Radøy.

– Eg er blitt så glad i radværingane. Øya og folket. Og kollegene på kontoret. Ikkje berre er dei dyktige, dei er også herlege menneske! Eg kan med handa på hjartet sei at eg gler meg til å gå på jobb kvar dag!

#### **Krabbe er livretten**

Kjell har også ein annan lidenskap på fritida, nemleg krabbefiske. Frå hytta deira i Bekkjarvik i Austevoll er vegen særdeles kort til havets goder.

– Kvar gong eg er der, må krabbeteinene ut. Fangsten hamnar i ei stor gryte, og det å sitja ved sjøen og maula på nykokte krabbar gir meg ei kjensle som er vanskeleg å beskriva. Det er ein kjempeopplevelse, spesielt saman med mine nærmaste og tidvis også med gode vener, seier den familiekjære firebarnsfaren.

– Til slutt, kva er det med den fotballen du held på bildet?

– Ja, det er rett og slett ein historisk ball. Den vart brukt under meisterligafinalen på Stade de France i Paris mellom Arsenal og Barcelona i 2006. Via bekjente var det faktisk son min, Skage, som fekk ballen til odel og eige. Men sidan eg er blodfan av Arsenal, så er den på ein måte litt min og. Og så treng du ikkje ta med at Arsenal tapte kampen 2-1 ...

**RISNES ELEKTRO AS**  
Elinstallatør • tlf. 56349620

**AMFI** KNARVIK

# PINSEDAG

Av Jan Rantrud

Vi leser om den aller første kristne pinsefeiring i Apostlenes Gjerninger kapittel 2:

"Da pinsedagen kom, var alle samlet på ett sted ...de ble fylt med Den hellige ånd og de begynte å tale på andre språk ... vi er partere og medere og elamitter, folk som har bodd i Mesopotamia, Judea og Kappadokia, i Pontus og Asia, Frygia og Pamfylia, i Egypt og Libyaområdet mot Kyrene, og innflyttere fra Roma, jøder og proselytter, kretere og arabere, og vi hører dem tale om Guds storverk på våre egne språk, ..."

Dette var i Jerusalem rett etter påske for nesten to tusen år siden. Og i dag opplever vi det samme i pinsen og på all tid hver gang vi samles for å ta imot det samme budskapet på enda mange flere steder og med enda flere språk. Vi er i kristendommens og kirkens daglige liv.

Når jeg sitter i benkeradene i kirken, har jeg av og til tenkt på hvor mange språk vi egentlig har her. Gudstjenesten med salmer og sanger og bønner er

jo norsk, men med uttrykk på både hebraisk, gresk og latin. Og blant dem som sitter rundt meg, er det noen som snakker arabisk, ukrainsk, engelsk, japansk, farsi og kanskje mye mer - i tillegg til allslags norske dialekter på begge målføre.

Pinsedagen og evangeliet for alle er så særegent kristent og enestående at det finnes alltid og overalt.

Når jeg har prøvd å lære litt og lese meg opp på religioner med samme rotfestete opprinnelse som kristendommen, kommer jeg ikke forbi at jødedommens imponerende og lærde språkgrunnlag er hebraisk og arameisk. Jeg kan begge språkene ganske bra, men har jo ikke så mange å snakke direkte muntlig med.

Skal jeg prøve å forstå muslimenes hellige koran, må jeg lese den på arabisk. For både jødedom og islam har opprinnelsesspråk. En gammel jødisk tradisjon sier at englene alltid har snakket arameisk og at menneskenes første språk var hebraisk. Muslimene har en læresetning om at arabisk er selve grunnspråket og at andre språk egentlig er forvanskninger og påfunn. Men der er kristendommen annerledes

enn sine slektninger. Da Jesus ga oss misjonsbefalingen, var han helt tydelig på at vi skulle ut med evangeliet til alle på alle steder og med alle språk. Bibelens budskap er virkelig til alle. Den er oversatt, og blir fremdeles oversatt tusenvis av ganger. Dette pågår også i dag, og vi blir aldri ferdig - fordi det er en del av misjonsbefalingen.

Pinsen er virkelig oppfyllelse. Vi leser om den første fôrpinsen i 1. Mosebok kapittel 11 om tårnet i Babel da folk prøvde å lage en fellesnasjon ut fra ett felles språk. Det gikk ikke. Gud grep inn og fastslo for alltid at folkene hans er delt opp i alle slags måter å uttrykke seg på. I den nytestamentlige pinsen fastslår han at alle vi med forskjellige språk og historier skal få ta imot det samme frelsestilbuddet på alle de språk vi snakker og med alle slags bakgrunner som vi har.

Og pinsen viser oss noe enda større. Vi tror på en Gud, vår Far som alltid har eid himmel og jord. Og på en Herre, Jesus Kristus som en gang og på ett sted døde, ble begravet og oppstod igjen for å frelse alle som tror. Og på en Hellig Ånd som til alle tider og alle steder gjør det mulig for oss å ta imot alt dette.

## KULTURKALENDER

### Onsdag 18. juni kl. 19.00

#### Musikkandakt i Meland kyrkje

William Kay, orgel og Małgorzata Tveit, fløyte

### Torsdager i veke 26-30

(26. juni, 10. juli, 17. juli og 24. juli)

#### Sommermusikk med Magnus Blom

#### kl. 12.00-12.30 i Meland kyrkje

NB! Torsdag 3. juli kl. 14.00

OBS! Følg med på kyrkja si facebookside (Meland kyrkjelyd)

### Søndag 6. juli kl 11.00

#### Gudsteneste i Emigrantkyrkja,

Sletta, Biskop, fylkesordførar, ordførar m.fl. deltek

Feiring av 200-års-jubileet for utvandring til Nord-Amerika

Del av Noreg i 1000 år

- Nasjonaljubiléet og av

Utvandringsfestivalen

### Onsdag 9. juli kl. 19.00

#### Musikkandakt i Meland kyrkje

Domkirkeorganist Sigurd Melvær Øgaard spiller

### Fredag 1. august

#### Knarvik kyrkje kl. 21.00

**Konsert med SKRUK.** Dei har med seg eit knippe songar som speglar dei 52 åra koret har eksistert. Dirigent Per Oddvar "Prots" Hildre.

### Laurdag 16. og søndag

#### 17. august

#### Ten Sing-treff, Manger:

Laurdag kl 17 - Treff og program på Manger barneskule. Påmelding

Søndag kl 11 - Gudsteneste med Ten

Sing-preg, Manger kyrkje

Alle velkomne!

### Onsdag 27. august kl. 19.00

#### Musikkandakt i Meland kyrkje

Salmer og pianomusikk. Kristin Mestad, sang

### Fredag 29. august

#### Knarvik kyrkje kl. 19.00

Den kritikerroste vokaltrioen - NORDIC TENORS - kjem til Knarvik.

### Søndag 14. september kl 12

#### Avslutningsgudsteneste for

#### sokneprest Kjell Sekkingstad

Fest i Manger bedehus etter gudstenesta

### Onsdag 24. september

#### kl. 19.00

#### Musikkandakt i Meland kyrkje kl. 19.00

Regine Cornelia Forthun, sopran

Magnus Blom, piano

# Tommy Urhaug til Solidaritetsgudstenesta!

Tekst: Tone Marit Øvretveit Dyrkolbotn

Du kan allereie halda av datoene og byrja å gle deg – for på årets Solidaritetsgudsteneste kjem bordtennisspelar, Tommy Urhaug!

Tommy har to gull frå Paralympics, fire VM-gull, ni EM-gull og bronse frå Paralympics. Det er rett og slett ein av verdas beste bordtennisspelarar som skal vera med i sofa samtalene under Solidaritetsgudstenesta.

Solidaritetsgudstenesta er eit årleg samarbeidsprosjekt mellom KnarvikMila og Knarvik kyrkje. Den er første søndagen i KnarvikMila, i år er det 31. august, kl. 18.00 i Knarvik kyrkje. Det er ei kveldsgudsteneste med anna preg enn vanlege gudstenester, og ein viktig del av gudstenesta er ein «sofasamtale» om eit tema.

I år vert temaet for samtalene mellom Tommy Urhaug og prest Tone Marit Øvretveit Dyrkolbotn “paraidrett og inkludering”; korleis leggja til rette for at alle kan finna sin plass i idretten?

Me får vita meir om Tommy sin veg og erfaringar som toppidrettsutøvar.

Vel møtt til ei fin kveldsgudsteneste i oppstarten av årets KnarvikMila!



## Gud skapar

Kyrkjemøtet har gjort ei endring i den nynorske truedkjenningsa. «Eg trur på Gud Fader, den allmektige, som skapte himmel og jord» er endra til «Eg trur på Gud Fader, den allmektige, skapar av himmel og jord».

Bokmålsforma av truedkjenningsa omtalar Gud som ein aktiv skapar (i substantiv-form; Jeg tror på Gud Fader, himmelens og jordens skaper). På bokmål er altså Gud ein som held fram med å skape.

Formuleringa «som skapte» i nynorsksetjinga framhevar ikkje Gud som aktiv skapar på same måten. Enkelte opplever at den forma òg kan gje intrykk av at Gud har trekt seg attende etter at himmel og jord vart til.

Men dette er altså endra no, etter einstemmig vedtak i Kyrkjemøtet i april (kjelde: kyrkja.no).

**13 | Preike**

**14 | Truedkjennning CREDO**

L | Lat oss vedkjennast vår heilage tru  
Kyrkjelyden står under truedkjennung

A | Eg trur på Gud Fader, den allmektige  
skapar av himmel og jord.

Eg trur på Jesus Kristus,  
Guds einborne Son, vår Herre,  
som vart avla ved Den heilage ande  
fødd av Maria møy,  
pint under Pontius Pilatus,  
vart krossfest, døydde og vart gravlagt  
før ned til dødsriket,  
stod opp frå dei døde tredje dag  
før opp til himmelen,  
sit ved høgre handa åt Gud, der  
skal koma att derifrå  
alle levande og døde.

# Kva skjer?

Tekst: Synnøve Bjørndal

I sommar kan vi ønske velkommen til gudsteneste kvar søndag, i Alversund, Seim eller Knarvik kyrkje.

Tysdag 29. juli er det også i år tradisjonell olsokfeiring på Fjon Fjellkyrkje. Det er gudsteneste, rømmegraut, utloddning og tid til ein god prat. I år er det Lindås sokneråd og styret for Fjon som er vertskap.

Dei ulike aktivitetane i kyrkjene startar opp i august/september. Følg med på heimsida vår kyrkja.no/knarvik og på Facebook. Det er tilbod for små og store, kanskje du finn noko nytt du kan vere med på.

Siste søndag i august er det Solidaritetsgudsteneste, og første helga i september møter du kyrkja på stand i Nordhordlandshallen under KnarvikMila.

I oktober kjem biskop Ragnhild Jepsen på besøk. Det er bispevisitas for Knarvik og Lindås sokn 21.-26. oktober. Det vert ulike arrangement den veka, og høgdepunktet er visitasgudstenesta i Knarvik kyrkje søndag 26. oktober. På kyrkjekaffen får vi høre kva inntrykk biskopen sit att med etter ei veka med tett program.



# Konfirmant 2026

Tekst: Tone Marit Øvretveit Dyrkolbotn

Foto: Bjørn Furukawa

Fødd i 2011? Då er du velkommen til å meldu deg som konfirmant i kyrkja di!

Som konfirmant vert du betre kjend med trua, deg sjølv, relasjonar og andre viktige element i livet.

I år kan du velja mellom tre undervisningsgrupper: Friluftskonfirmant, Hobby-/kreativkonfirmant, og Q&A-konfirmant (samtalegruppe).

Me reiser på leir, deltek på Konfirmantfestivalen for heile Nordhordland i mars og me har elles mykje bra opplegg.

Meir informasjon om konfirmantåret og påmelding på nettsida vår: kyrkja.no/knarvik

Velkommen som konfirmant i kyrkja!



## Slekters gang

### **Knarvik**

#### **Døypte**

- 02.03.25 Oleana Skurtveit Storhaug
- 02.03.25 Ingvild Øvretveit Dyrkolbotn
- 02.03.25 Mia Storsæt Skaatun
- 02.03.25 Pia Bengtsson Dalland
- 02.03.25 Emma Ulvatn Sæbø
- 16.03.25 Severin Haugsdal
- 16.03.25 Henry Johan Lid Johansen
- 06.04.25 Emilie Vatnøy
- 13.04.25 Fredric Hernholm Larsen
- 13.04.25 Christian Øye Gjerdevik
- 13.04.25 Mille Fosse Låstad
- 20.04.25 Johanne Vabø Hansen
- 20.04.25 Tiril Solbrekken Vabø

#### **Døde**

- 24.02.25 Vitalii Budz f. 1975  
(Knarvik sjukeheim)
- 25.02.25 Leif Normann Soltveit f. 1943
- 11.03.25 Krister Kjeilen f. 1980  
(Knarvik sjukeheim)
- 10.04.25 Svein Jarle Helgesen f. 1962
- 15.04.25 Brita Monslaup f. 1936
- 18.04.25 Vigdis Martinsen f. 1948

#### **Seim**

#### **Døde**

- 13.03.25 Ingebjørg Marie Romarheim f. 1940
- 15.03.25 Gunnvor Olsen f. 1926

### **Alversund**

#### **Døypte**

- 23.02.25 Silas Ellingsen Emmerhoff
- 27.04.25 Emmett Myking De Oliveira
- 27.04.25 Emma Hamre Ovrid
- 27.04.25 Emmeli Sellevold Haugland
- 27.04.25 Aksel Gaustad Johansen

# Tankestrek

## Sentrum/periferi

Av Magne Bjørndal

Samfunnsvitaren Stein Rokkan (1921—79) er kjend for å leggja vekt på omgrepsparet sentrum/periferi som forklaring av viktige utviklingstrekk. Om du bur i ein by eller i distrikttet, vil ha innverknad på korleis du røystar, på kulturen din, og på kva du meir allment er oppteken av. Mykje ter seg annleis sett frå torget i ein stor by, enn det gjer frå gardstunet i ei lita bygd. Debatten vi nyleg har hatt om skulestruktur i Alver har mange sider, men ei av dei handlar nettopp om sentrum og periferi.

Vi kan få vår eigen vesle variant av ein sentrum/periferidiskusjon i Knarvik sokn, når vi over sommaren må ta stilling til korleis gudstenestene skal fordelast mellom dei fire kyrkjene – Lygra, Seim, Alversund og Knarvik. Ordninga vi følgjer no er frå 2017, og den treng justering. Årsaka er at det i åra framover ventetegn vert knappare ressursar både til fyring og reinhald, og til å løna prestar, kyrkjetenarar og organistar. Noko av dette kan kanskje kompenserast med frivillig innsats, slik dei månadlege kvardagsgudstenestene i Alversund er eit finfint døme på, men dette er neppe nok til å dekkja opp for dei lønsmidlane som forsvinn.

Skal gudstenestene framleis vera gode møtepunkt, vert det viktig at vi som går i kyrkja, ser på alle dei fire kyrkjene som «kyrkja mi», ikkje berre den kyrkja vi har kortast veg til.

Den som går sjeldan i kyrkja, kjem ikkje til å merka stort til at det vert færre gudstenester. Men det kan t.d. føra med seg at ein ikkje får døypt barnet sitt der ein helst vil.

Det er heldigvis ikkje eg som skal avgjera storleiken på kuttet og om det mest skal gå ut over kyrkjene i periferien eller i sentrum. Men i Knarvik sokn står vi framfor viktige vegval, som du som les dette, gjerne må engasjera deg i.



## DEN NORSKE KYRKJA

### Kyrkjecontakten:

Knarvik kyrkjecontor

Lonsvegen 100, 5914 Isdalstø

### Opningstid:

Tysdag-fredag kl. 9.00-15.00

Tlf.: 400 01 691

alle kvardagar kl. 10.00-14.00.

Postboks 228, 5903 Isdalstø

post.knarvik@kyrkja.no

www.kyrkja.no/knarvik

### Facebooksider:

Knarvik kyrkje

Seim kyrkje

Lygra kyrkje

Kontonummer: 3633 67 39882

Vipps: Nytt VIPPS-nummer:  
56789 vel «Kyrkjecontakten» i menyen.

### Alver kyrkjelege fellesråd

Lonsvegen 1, 5914 Isdalstø

post.alver@kyrkja.no

www.kyrkja.no/alver

Kyrkjeleverje: John Fredrik Wallace

jw734@kyrkja.no

Leiar i fellesrådet: Sølvi Knudsen

Soknerådsleiar:

Hildur Løkken Lillestøl

### Kyrkjecontakten

Utgjevar: Knarvik sokn, i samarbeid med Meland sokn, Osterfjorden sokn, Mo sokn, Radøy sokn og Lindås sokn.

Redaktør: Berit Nøst Dale

Lokal redaksjon: Arthur Kleiveland, Håkon Glatved-Prahls, Synnøve Bjørndal

Grafisk design: Simen Søvik

Trykk: Aksell

Framsidebilete: Øystein Valle, styreleiar i Stiftelsen Alversund kyrkjelydshus. Foto: Håkon Glatved-Prahls



**Helge Taranrød**

Prost

ht759@kirken.no



**John Fredrik Wallace**

Kyrkjeleverje

jw734@kyrkja.no



**Magne Bjørndal**

Seniorprest

mb578@kyrkja.no



**Synnøve Bjørndal**

Dagleg leiar

sb876@kyrkja.no



**Cathrine Grutle**

Sokneprest

cg836@kirken.no



**Odd Leif Mjøs**

Kantor

om623@kyrkja.no



**Nina Jenny Tresvik Monstad**

Kateket

nm853@kyrkja.no



**Bjørn Furukawa**

Kyrkjetenar

bf982@kyrkja.no



# GUDSTENESTEKALENDER

## Knarvik

### 22. juni

2. sundag i treeiningstida  
Kl. 11 Dåp. Nattverd.

### 6. juli

4. sundag i treeiningstida  
Kl. 11 Dåp. Nattverd.

### 20. juli

6. sundag i treeiningstida  
Kl. 11 Dåp. Nattverd.

### 3. august

8. sundag i treeiningstida  
Kl. 11 Dåp. Nattverd.

### 17. august

10. sundag i treeiningstida  
Kl. 11 Dåp. Nattverd.

### 24. august

11. sundag i treeiningstida  
Kl. 11 Dåp. Nattverd.

### 31. august

12. sundag i treeiningstida  
Kl. 18  
Solidaritetsgudsteneste.

### 21. september

15. sundag i treeiningstida  
Kl. 11 Dåp.  
Konfirmantpresentasjon.

### 28. september

16. sundag i treeiningstida  
Kl. 19 Kveldsgudsteneste.  
Nattverd.

## Seim

### 13. juli

5. sundag i treeiningstida  
Kl. 11 Dåp.

### 10. august

9. sundag i treeiningstida  
Kl. 11 Dåp.

### 14. september

Vingardssundagen  
Kl. 11 Dåp.  
Konfirmantpresentasjon.

## Alversund

### 29. juni

3. sundag i treeiningstida  
Kl. 11 Dåp.

### 27. juli

7. sundag i treeiningstida  
Kl. 11 Dåp.

### 31. august

12. sundag i treeiningstida  
Kl. 11  
Konfirmantpresentasjon.  
Kl. 13 Dåpsgudsteneste.

### 28. september

16. sundag i treeiningstida  
Kl. 11 Alversund  
kyrkjelydshus 25 år.

### KVARDAGSGUDSTENESTER i Alversund

Måndag kl. 14. Kyrkjekaffi. Tur – «Kyrkjegang» kl. 12:30.

8. september v/ Knut Fr. Sørheim

### Olsokstemne 29. juli i Fjon Fjellkyrkje

Gudsteneste kl. 19.00 v/ Ole Marton Ølberg.  
Rømmegraut, utloddning og sosialt samvær etter  
gudstenesta.

## Treng du nokon å snakke med?

Ring eller skriv. Vi er her. Alltid.



22 40 00 40  
soschat.no

KIRKENES  
SOS